



Advokatkontoret Fløien
Postboks 225 Sentrum
5804 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/208 - 18/4600

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.02.2018

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 134/264 Hilland

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 134/264
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.01.2018.

Saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gbnr. 134/264 og gbnr. 134/116.

Planstatus

Arealet er omfatta av kommunedelplan for Knarvik – Alversund/planid.: 1263-07032007. Planen er under rullering, men gjeld fram til ny kommunedelplan vert vedteken.

Arealet er i gjeldande kommunedelplan avsett til bustadføremål. Det er på plankartet lagt inn juridisk linje – byggegrense mot sjø. Det er søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Mottakar eigedom gbnr. 134/116 er bygd med fritidsbustad.

Dispensasjonar

I tillegg til omsøkt dispensasjon i høve pbl. § 1-8 krev omsøkt arealoverføring at det vert søkt om dispensasjon frå plankravet i gjeldande kommunedelplan § 2.3. Tiltaket krev og at det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet bustad til bruk som fritidsbustad.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen § 2.3
2. Søknad om dispensasjon frå arealføremålet bustad.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 13.03.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatkontoret Fløien	Postboks 225 Sentrum	5804	BERGEN
Leif Norgeir Walde	Radøyvegen 61	5911	ALVERSUND
Leif Norgeir Walde	Radøyvegen 61	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Advokatkontoret Fløien	Postboks 225 Sentrum	5804	BERGEN
------------------------	----------------------	------	--------